

TURNERINGSREGLEMENT	
§1 - Spelebane	
1.	Bana vil bli ca. ¼ av ei normal bane.
2.	Måla som blir brukt er 2x5 meter.
§2 - Spelarane	
1.	Kvart lag må <u>minimum</u> bestå av 8 spelarar, <u>maksimum</u> 12 spelarar. Det kan søkast dispensasjon til å få nytta fleire spelarar.
2.	Maks 6 spelarar på bana (samstundes) frå kvart lag, medrekna keeper. Innbyte kan skje fritt.
3.	Ein kan ikkje spele for fleire lag under turneringa, ei heller om opprinneleg lag vert utslegne i gruppespelet.
§3 – Begrensingar – ”lisensspelarar”	
1.	Spelarar må fylle 16 år inneverande år for å delta, inga begrensning i høve øvre aldersgrense.
2.	Herrespelarar 16-34 år, som har starta seriekamp i 4.div eller høgare i årets sesong er lisensspelar/aktiv Damespelarar 16-34 år, som har starta seriekamp i 2.div eller høgare i årets sesong er lisensspelar/aktiv Spelarar frå det året dei fyller 35 år og oppover kan delta fritt, uansett nivå dei spelar på.
3.	Aktive herrespelarar frå og med 5. div og nedover, og damespelarar frå og med 3. div og nedover vert ikkje rekna som "lisensspelarar".
5.	Maks 2 "lisensspelarar" i kvar tropp/lag, kun ein lisensspelar på bana til ein kvar tid
§4 - Generelle reglar	
1.	Kamptid 1x13 minuttar Ingen tilleggstid, men i sær s spesielle tilfelle som ved ekstrem sabotasje eller langvarig skadeavbrekk KAN dommar/kampansvarleg legge til tid. Må opplysast i god tid før sluttsignalet går Dersom eit lag får straffe eller frispark og ikkje rekk og ta dette før sluttsignalet går skal laget likevel få ta dette sjølv om tida er ute. (NB! Direkte skot ved frispark)
2.	Alle lag pliktar å stille seinast 5 minutt før oppsett kamptid. Dersom eit lag ikkje møter til kampstart vert motstandarlaget tildelt seier 3-0, og 3 poeng.
3.	Er det uavgjort i sluttspillet etter full tid, spelar me sudden death. 3 mot 3 inklusiv keeper i 2 minutt og deretter 2 mot 2 inklusiv keeper i 2 minutt. Viss ikkje mål etter 4 minutt vert det avgjort på straffe, ein og ein. Det er ikkje lov med spelarbyte i sudden death, men ein kan velge mellom alle i troppen når straffane byrjar. Det er lov å ta ut keeper og setta utpåspelar i mål i sudden death (men ikkje innbyte)
4.	Innkast og corner vil bli som normalt, offside eksisterer ikkje. 5meter avstand til mur ved frispark o.l. Kun direkte frispark, indirekte frispark eksisterer ikkje Det er lov å skyte/score direkte fra avspark
5.	Straffespark vil bli teke frå grenselinja til straffefeltet dvs. so langt ut so keeper kan ta ballen med hendene (ca 7 meter)
6.	Det vil bli ein domar per kamp. Ver snill mot domaren!
7.	Skli-takling er ikkje lov og vert ansett som forseelse som gir frispark i mot. Det er lov med slags skli-blokkering, men det inneber ein viss avstand til spelar. Keeper kan skli-takle innanfor målområdet sitt.
8.	Gult kort: Utvising i 3 minuttar. Spelaren som får gult kort har høve til å koma inn att så snart straffa er sona. Det er ikkje høve til å setja inn ein annan spelar for den som vert utvist. Laget må spela med ein mann mindre i 3 minuttar.
9.	Raudt kort: Spelaren vert utvist for resten av kampen. Laget har ikkje høve til å setja inn ny spelar. Den utviste spelaren kan spele neste kamp med mindre sekretariat/dommar meiner forseelsen er av sær grov karakter
10.	Keeper må kaste ut når han set i gang. Ved dødball har keeper ikkje lov å kaste ballen over midtlinja. Brot på dette vert straffa med frispark til motstandar på midtlinja. Er ballen i spel kan keeper legge ballen ned og bruke beina som ein vanleg utpåspelar og også sparke over midten (ikkje volley-utspark). Keeper har også lov å kaste ballen i mål når ballen er i spel
§5 - Sluttspel	
1.	Om to lag står likt etter dei innleiande kampene, blir plasseringa avgjort slik: A. Målforskjell B. Flest scora maol C. Innbyrdes oppgjjer D. Loddtrekning av Jan Rune Årøy eller ein anna adekvat loddtrekkarperson.
2.	8-delsfinalane vil gå etter oppsettet, men dersom det viser seg at lag frå same innleiande pulje (kan bli

	tilfelle dersom trearlag går vidare) skulle møtast i 8. delsfinalen vert det rokkingar. Ikkje spesielt artig å møta same lag som i gruppespelet.
§6 - Utstyr	
1.	Eige ansvar, men me vil helst at deltakarane brukar leggbeskyttarar, då mykje står på spel, og ambulansen ekje alltid so god å få fat i. Fjóra låner ut vestar til dei som ikkje har høve til å stilla med egne drakter.
§7 - Skadar	
1.	Fjóra fråskriv seg alt ansvar ved personskade, men stiller med det mest naudsynte utstyret for førebyggjing av skade, is og tape. Spelarar er ikkje dekkja av fotballforsikring i denne turneringa sidan ein ikkje deltek i regi av klubb
§8 - Protest	
1.	Protest kan leverast munnleg til sekretariatet seinast 5 minutt etter kampslutt.
§8 - Sanksjonar	
1.	Lag som trekker seg etter påmeldingsfristen er ute må betale halv påmeldingsavgift. Dette på grunn av mykje meirarbeid med å lage nytt turneringsoppsett
2.	Lag som nyttar seg av fleire lisensspelarar enn det som er tillatt iflg reglement får ikkje spele fleire kampar i turneringa